

Ta ansvar for kontakten

Vi må ikkje leggje ansvaret for å halde kontakten på den sørgjande. Unngå å seie «ring meg om det er noko, eg er her for deg». Da er det stor fare for at den sørgjande ikkje orkar å vere den som skal ta kontakt. Sei heller: «Eg ringjer deg på tysdag, ta telefonen om du orkar.» Om den sørgjande ikkje svarar, kan du ringje igjen. Og igjen og igjen.

Bryt stilla

Mange synest det er vanskeleg å ta kontakt med den som sørger. For kva skal du seie? Tenk om det blir heilt stille når du ringjer, eller kanskje den sørgjande tek til å gråte? Det viktige er ikkje kva du seier, men at du vågar å bryte stilla. Av og til er ei tekstmelding ei betre løysing enn ein samtale; det er ofte lettare å ta imot og svare på ei melding.

Ver tolmodig

Vis forståing for at alle sørkjande har sin eigen sorgprosess. Ikkje «trøyst bort» sorga, og ikkje vis frustrasjon over at den sørkjande ikkje kjem seg vidare. For sorga har ingen «best før»-dato, og det finst korkje normal eller unormal lang tid for sorg. Somme har behov for å fortelje den same historia om og om igjen, og for somme kan det vere ein viktig del av det å forstå og arbeide seg gjennom sorga.

Ta initiativ

Foreslå ein heilt kvardagsleg aktivitet. Du kan invitere på kaffi, til å sjå ein film, eller til å bli med på ein liten tur ut. Mange sørkjande lengtar etter ein pause i sorga og litt vanleg kvardagsliv. Hugs at den du inviterer med, kanskje takkar nei, og det er heilt greitt. Det viktigaste er at du spør – og at du vågar å spørje på nytt.

Vis nær vær

Mange av oss er redde for å trengje oss på, og det kan fort ende med at vi ikkje gjer noko som helst. Kanskje tenker vi at den sørkjande helst vil vere i fred, eller at vi skal vente med kontakt til «det verste er over». Vi må vise tydeleg at vi er der, slik at den sørkjande ikkje føler seg utanfor eller oversett.

Gi rom

Det kan vere mange som sørger over den same personen samtidig. Alle som har mista ein nær, har ein unik relasjon til den som er borte. Sorga er ulik frå person til person. Vi må unngå å ta over med våre eigne minne og kjensler. Vi må hugse at det som gjeld, er kjenslene til den sørkjande, same kva slags kjensler det er. Våre tankar og forteljingar er sjølvsagt også viktige – men ikkje viktigast.

Frykt ikkje, for eg er med deg, ver ikkje redd, for eg er din Gud! Eg gjer deg sterk og hjelper deg og held deg oppe med mi rettferds høgre hand.

Jesaja 41, 10



Tipsa du finn i denne foldaren, er berre nokre av dei handlingane du kan gjere for sørkjande. Ikkje undervurder det vesle du kan gjere, jamvel ein liten gest kan ha stor verdi.

Dersom du vil ha meir hjelp eller snakke med nokon, er du velkommen til å besøkje kyrkjelyden der du bur eller kyrkja.no/chat.

Du kan òg be ei bønn eller tenne eit lys på kyrkja.no/be.

Du finn fleire tips om korleis du kan hjelpe på kyrkja.no/sorg.

Kva er førstehjelp ved sorg?

Det er tungt å vere åleine i sorga. Derfor har kyrkja samla tankar og konkrete tips som gjer det litt lettare for oss å vere til stades for medmenneske i sorg. Sorg er smertefullt, men sorga kan bli lettare å halde ut når ho blir delt. Kyrkja har lang erfaring med å møte og støtte sørkjande. Tipsa her er meinte som ei hjelp i den første tida, når nokon har mista ein dei er glad i.

All sorg er unik. Det finst ingen instruksjonar som alltid er rette, det er ingen absolutte sanningar. Kanskje er det òg ei av årsakene til at så mange kjenner seg usikre når dei skal møte andre i sorg. Med desse tipsa håper Den norske kyrkja å kunne medverke til at fleire kjenner seg litt tryggare og betre førebudde, slik at ingen rundt oss må vere einsame i sorga si.



DEN NORSKE KYRKJA

Førstehjelp ved sorg



Konkrete tips som kan gjøre
det litt lettare å vere til stades
for menneske i sorg



DEN NORSKE KYRKJA